



Årsmelding 2018

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.18 149(?) medlemmar. Det stod 35 personar på venteliste for tildeling av båtplass. Av desse er det 30 personar med adresse Naustdal og 5 personar med adresse i andre kommunar.

Styret har hatt 2 styremøter i 2018 og to styremøte i februar/mars 2019 for å førebu årsmøtet. Styret har handsama 30 saker(?). Arbeidet i styret har vore organisert for å tilfredstille laget sitt føremål slik det er formulert i § 3 i lov for SA Naustdal Båtlag. Driftsåret 2018 var eit ordinært år utan store investeringar. Unntaket var oppgradering av båtvogna. Båtlaget har eit stabilt medlemstal. Det er venteliste for båtplassar og plassar som vert ledige vert raskt overtekne av medlemmer på venteliste. Det er størst interesse for 6 og 8- meters plassar, men også 4-meters plassar som vert ledige har hittil vore overtekne av andre medlemmer.

Etter § 20 i lov for SA Naustdal båtlag har eigar av båtplass plikt til å informere styret om utleige av plassen. Dette blir ikkje alltid oppfølgt av alle, og det skapar problem for hamnesjefane som ikkje veit kven som eig båtar i hamna. Styret vurderer å bytte låssystemet. Dersom dette vert gjort, vil ein lettare kunne halde oversikt over dette.

Styret har i 2018 vidareført arbeidet med å skape balanse i laget sin økonomi, mellom anna ved å redusere underskotet ved drift av dieselanlegge. Drifta av dieselanlegget er no utleigd til Farsund og Naustheller for kr 5000,- i året.

Innkreving av medlemskontingent og årleg leige krev ein del tid og ekstra arbeid når folk ikkje betalar i tide. Styret oppmodar derfor om at alle betalar innan fristen.

Rekneskapen til båtlaget vert ført av Naustdal rekneskapskontor, i godt samarbeid med kasserar i båtlaget. Det økonomiske resultat av drifta i 2018 viser eit årsresultat etter avskrivning på kr. 58.736. Styret er godt tilfreds med dette resultatet.

Det viktigaste styret har arbeidd med i året er nemnt nedanfor i årsmeldinga.

Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2018.

Styret:

Leiar:	Daniel Stave	på val 2019
Nestleiar:	Roy Arne Flo	på val 2019
Skrivar:	Stig Petterson	på val 2019
Kasserar:	Jan Dahlberg	på val 2020
Styremedlem:	Carl Grønstøl	på val 2020
<i>Revisor:</i>	Oddbjørn Schei	på val 2020
	Bjørn Olav Erdal	på val 2019
Valnemnd:	Kjartan Kroknes	på val 2019
	Harald Myklebust	på val 2020

Hamnesjefar

Henning Svoen, Leif Hafstad og John Bendiksen har vore hamnesjefar i 2018.

John Bendiksen er ansvarleg for å administrere utleige av straummålarar i båthamna. Han skal og sjå til at bruk av straum i båthamna skjer i samsvar med hamnereglane. Hamnesjefane har vore kalla inn til alle styremøta. Hamnesjefane har ikkje stemmerett i styremøter. Hamnesjefane har kvar motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Godtgjersle til tillitsvald

Leiar i båtlaget og styremedlemmer har kvar motteke kr. 1000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Kjøp og sal av båtplassar

Det har vore omsett 0 båtplassar i 2018.

Det står 35 på venteliste for kjøp av båtplass.

Dieselanlegget.

Frå 1. januar 2018 har Farsund og Naustheller drifta dieselanlegget. Underskotet ved drift av anlegget er ved denne avtala endra til eit overskot.

Dugnad

Det vart kalla inn til to dugnadsyktar. Det var god oppslutnad, det møtte mange medlemmar fordelt på desse to dagane. Dugnadsinnkalling vart gjort via SMS. Det er også ein betydeleg dugnadsinnsats som vert gjort utanom desse dagane.

Oppgåver som er utførte i år:

- Rydde skog på molo, på tak av buer, langs riksvegen og i muren i austre hamn.
- Vask av treverk på bryggjer og kai ved slipp.
- Alle flytebryggjer, gjestebrygge, kai ved slipp vart olja.
- Det vart bytt ut ein del bord i flytebrygger i både aust og vest.
- Det vart gjort ein del utbetring på fortøying.
- Det vart samla boss på heile anlegget og køyrt i Hesjedalen.
- Montert skilt på slippen

Møte med Naustdal kommune

I 2018 har båtlaget jobba vidare med forlenging av leigeavtalen for småbåthamna.

Representantar frå laget har også delteke på fleire møter angående saka med forsamlingslokalet «Naustdalsnaustet», eller «Naustet» som prosjekten no heiter.

«Naustet»

Etter invitasjon frå Naustdal kommune har båtlaget delteke i møter med kommunen om dette prosjektet. Ideen går ut på å sette opp ei «fleirbruksbygg» på pynten mellom båthamna og badestranda. Bygget skal kunne nyttast av fleire, t.d. idrettslaget, Sandens venner, båtlaget m.fl. Det er pårekna å kunne få tilskot til realiseringa. I noverande fase er det kommunen som leiar utgreiingsarbeidet.

Båtvogna

Båtvogna på slippen er i løpet av året demontert og oppattbygd i ein kraftigare konstruksjon. Denne er no operativ att.

SMS varsling

Båtlaget kan no tilby SMS varsling til medlemmane. Det kan for eksempel vere aktuelt i samband med forhold i båthamna, uvær etc. eller ei påminning om årsmøte, dugnad mv. Ordninga er gratis for medlemmane. Ønskjer du SMS varsling må styret ha ditt mobilnummer. Send ein SMS til styret ved Daniel Stave, mobil [908 35 306](tel:90835306) og skriv i meldinga «Ønskjer varsling» og ditt namn.

Heimesida

Styret vil oppmode medlemmane om å sende inn forslag til kva informasjon som bør vere aktuelt å leggje ut på heimesida.

For styret

Daniel Stave

-leiar-